

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Digitalt
Dato:	17.11.2021
Tid:	09:00-12:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tor André Ljosland	Leiar	KRF
Sigrd Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Jana Midelfart-Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Helge Stormoen	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kine Bratli Dale	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Henrik Nygård		V
Eirik Haga		A
Johannes Myklebust Bysheim	Kine Bratli Dale	A
Erlend Haugen Herstad		Sp

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Sondbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Anne Koch Grønlien	Rådgevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 23/21 GK 24/21	Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 26.10.2021	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 56/21 RS 57/21	Partnerskapsavtaler - årsmeldingar 2020 - del 1 Partnerskapsavtaler - årsmeldingar 2020 - del 2	2020/39918 2020/39918	
	Skriftlege spørsmål		
SI 10/21	Spørsmål frå Taylor (MDG) -om veterinærvakt og dyrevelfred	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 72/21	Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling næringsutvikling	2021/27440	
PS 73/21	Vestland fylkeskommune sin uttale til forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold m.m	2021/47561	
PS 74/21	Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027	2021/51813	
PS 75/21	Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - vedtak	2021/51875	
PS 76/21	Regionale planar for vassforvaltning for Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Viken, Møre og Romsdal 2022- 2027	2021/51875	
PS 77/21	Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021	2020/75634	
PS 78/21	Midlar frå overskotsdisponering 2020	2020/72391	
PS 79/21	Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge 2022	2021/46861	

Godkjenningssaker

GK 23/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 24/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring
26.10.2021

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) gjorde følgjande framlegg:

«Endring:

Sak 68/21 RMTB

Sp stemte MOT Bysheim (AP) sitt tilleggspunkt 2, ikkje for, slik det går fram av framlegg til protokoll.»

Hovudutval i næring slutta seg til dette.

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 26.10.21 vart godkjent med merknaden over.

Referatsaker

RS 56/21 Partnerskapsavtaler - årsmeldingar 2020 - del 1

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Vart referert.

RS 57/21 Partnerskapsavtaler - årsmeldingar 2020 - del 2

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 17.11.2021

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 10/21 Spørsmål frå Taylor (MDG) -om veterinærvakt og dyrevelferd

Spørsmål 1:

Bør ikkje fylkeskommunen ha eit koordineringsansvar for kommunane for å sikre lik og tilstrekkeleg veterinærteneste og dyrevelferd i heile fylket?

Svar 1:

Det er Statsforvaltaren i Vestland som følgjer opp veterinærtilbod i kommunane i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet.

Spørsmål 2:

Korleis kan Vestland fylkeskommune hjelpe alle kommunane i fylket til å tilby ei tilfredsstillande veterinærvakt med minimum 3 delt vaktordning og god dyrevelferd?

Svar 2:

Stortinget løyvde 32,445 mill. kroner i stimuleringsstilskot til veterinærdekning for 2021.

Statsforvaltaren tildeler stimuleringstilskot til søkarane i tråd med retningslinjer frå Landbruksdirektoratet. Stimuleringstilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsssvake område. Med næringsssvake område er det meint område kor behovet for dyrehelsetenester, og dermed innteningsgrunnlaget for veterinærer, ikkje er stort nok til etablering av ein berekraftig veterinærpraksis.

Politiske saker

PS 72/21 Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling næringsutvikling

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling
2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.
3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar
4. Fylkestinget legg til grunn at partnerskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.
5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Noralv Distad (H) sette på vegner av H fram følgjane forslag:

«Tillegg punkt 1:

Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med slik endring i punkt 2, Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet.»

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram følgjane forslag:

«Tillegg punkt 1:

Endring i delmål 1 i punkt 2, Grøn næringsutvikling, dette skal vi gjere:
Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grønne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggas høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane.»

Jan Henrik Nygård (V) sette på vegner av MDG og V fram følgjane merknad:

«Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4

Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tor André sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Nygård sin merknad vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2, Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grøne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggjast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnerskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

Merknad frå Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne

Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4

Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.

PS 73/21 Vestland fylkeskommune sin uttale til forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold m.m

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til at alle djupnedata for område grunnare enn 30 meter vert gjort tilgjengeleg for høgoppløyslege botnkart.
2. Vestland fylkeskommune ønskjer at botndata ned til 10x10 meter ikkje vert gradert, med tanke på godt grunnlag for analyse av sjøbotnen og påfølgjande planarbeid. Dette vil bidra til ei meir framtidretta forvaltning av kysten og havområda, med omsyn til berekraft og arealkonflikter.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til at alle djupnedata for område grunnare enn 30 meter vert gjort tilgjengeleg for høgoppløyselige botnkart.
2. Vestland fylkeskommune ønskjer at botndata ned til 10x10 meter ikkje vert gradert, med tanke på godt grunnlag for analyse av sjøbotnen og påfølgjande planarbeid. Dette vil bidra til ei meir framtidsretta forvaltning av kysten og havområda, med omsyn til berekraft og arealkonfliktar.

PS 74/21 Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

Forslag til innstilling

Vestland fylkesting vedtek Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Vestland fylkesting vedtek Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

PS 75/21 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 8-4 *Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027* med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram.
2. Vestland fylkesting føreset at staten, kommunane og fylkeskommunane legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning.
3. Vestland fylkesting føreset at sektorstyresmaktene gjer gode kost-nytte vurderingar før iverksetting av tiltak.
4. Vestland fylkesting føreset at ei eventuell endring i vassforvaltningsplanen ved sentral godkjenning vert gjort i samarbeid med vassregionstyresmaktane.
5. Vestland fylkesting føreset at staten framleis vil ta ansvar for økonomi og deltaking i planarbeidet i planperioden 2022-2027.
6. Vestland fylkesting ber fylkesdirektøren vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett i planperioden.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i BKK AS. Hestetun trådte frå under vurderinga av habiliteten. Utvalet vedtok samrøystes at Hestetun ikkje var inhabil. Hestetun tiltredde saksbehandlinga.

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram følgjande forslag:

«Utsetjingsframlegg

Saka vert utsett. Det vert gjennomført eit seminar for å klargjera ulike konsekvensar av tiltak med sektormynde.»

Avrøysting

Brattabø Handegard sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, MDG, Sv og KrF).

Innstilling

Saka vert utsett. Det vert gjennomført eit seminar for å klargjera ulike konsekvensar av tiltak med sektormynde.

PS 76/21 Regionale planar for vassforvaltning for Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Viken, Møre og Romsdal 2022-2027

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting vedtek Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Rogaland vassregion innanfor grensene til Vestland fylke.
2. Vestland fylkesting vedtek Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Vestfold og Telemark vassregion innanfor grensene til Vestland fylke
3. Vestland fylkesting vedtek Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Innlandet og Viken vassregion innanfor grensene til Vestland fylke
4. Vestland fylkesting vedtek Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Møre og Romsdal vassregion innanfor grensene til Vestland fylke

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram følgjande forslag:

«Utsetjingsframlegg

Saka vert utsett.»

Avrøysting

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett.

PS 77/21 Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefelleskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurscenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021

Arve Helle (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS og styremedlem i E 134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var habil til å delta i saksbehandlinga.

Trym Aafløy (UA) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Skyttel AS. Utvalet vedtok samrøystes at Aafløy var ugild til å ta del i saksbehandlinga kva gjeld avvikling av Skyttel AS, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr. 2. Aafløy deltok ikkje i saksbehandling kva gjeld avvikling av selskapet Skyttel AS.

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, MDG, Sp og SV fram slikt forslag:

«Saka vert teken til orientering.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert teken til orientering.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021

Avrøysting

Vedtak

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS.

Jan Henrik Nygård (V) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Kunnskapsparken Vestland AS.

Helge Stormoen (FrP) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Beredt AS.

Anne Gine Hestetun (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Ferde AS.

Jana Midelfart-Hoff (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er vararepresentant til styret i Beredt AS.

Karl Vågstøl (H) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

Noralv Distad (H) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Sogn og Fjordane Holding AS og Fjord Norge AS.

Medlemene trådde frå då utvalet behandla spørsmåla om habilitet.

Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl var inhabil til å behandle punkt 3 i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Han trådde frå under behandlinga av dette punktet.

Utvalet vedtok samrøystes at Handegard, Nygård, Stormoen, Hestetun og Midelfart-Hoff og Distad var habile til å behandle saka.

Tor André Ljosland (KrF) sette fram følgjene forslag:

«Alternativ punkt 3

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

Avrøysting

Innstillinga til punkt 1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Tor André Ljosland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster for innstillinga (Frp).

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefelleskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurscenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

PS 78/21 Midlar frå overskotsdisponering 2020

Forslag til vedtak

1. Det vert saman med landbrukspartnerskapen arbeidt vidare med eit Vestlandsprosjekt som skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt. Dei 2,25 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med dette Vestlandsprosjektet, og vert nytta til finansiering av søknader.
2. Det vert arbeidt vidare med å finansiere og iverksetje den forsterka marine innsatsen. Dei 1,75 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med denne innsatsen, og vert nytta til finansiering av søknader.
3. Hovedutval næring viser til fylkestinget si handsaming av årsrekneskap 2020 i juni 2021, PS 30/21, og yter ikkje ytterlegare støtte til «One Ocean - formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass».

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert saman med landbrukspartnerskapen arbeidt vidare med eit Vestlandsprosjekt som skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt. Dei 2,25 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med dette Vestlandsprosjektet, og vert nytta til finansiering av søknader.
2. Det vert arbeidt vidare med å finansiere og iverksetje den forsterka marine innsatsen. Dei 1,75 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med denne innsatsen, og vert nytta til finansiering av søknader.
3. Hovedutval næring viser til fylkestinget si handsaming av årsrekneskap 2020 i juni 2021, PS 30/21, og yter ikkje ytterlegare støtte til «One Ocean - formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass».

PS 79/21 Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge 2022

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring støttar landbrukspartnerskapen sin prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2022.
2. Hovudutval for næring ber om at brev til Innovasjon Norge om prioritering i forvaltning av IBU-midlane 2022 blir sendt slik som det er lagt ved i denne saka.
3. Hovudutval for næring gjev fylkesdirektøren mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane etter møtet med landbrukspartnerskapen i april 2022.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring støttar landbrukspartnerskapen sin prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2022.
2. Hovudutval for næring ber om at brev til Innovasjon Norge om prioritering i forvaltning av IBU-midlane 2022 blir sendt slik som det er lagt ved i denne saka.
3. Hovudutval for næring gjev fylkesdirektøren mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane etter møtet med landbrukspartnerskapen i april 2022.